



**Naturvernforbundet
i Sogn og Fjordane**



Strandrydding i mai – vinn fine premiar

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane oppmodar alle skular, barnehagar, lag og organisasjonar til å arrangere strandrydding og bli med i Kystlotteriet i veke 18. Den nasjonale strandryddedagen er i år laurdag 5. mai.

Men de kan sjølvsagt rydde andre veker også. Særleg ved kysten er det fint å rydde før fuglane startar hekkinga.

Vi deler ut både lokale, regionale og nasjonale premiar, opplevingar til alle (både lag og enkeltpersonar) og pengepremiar til grupper, til dømes klassar som samlar pengar til klassetur.

Ta kontakt med Flora kommune, som veit kor hen de kan hente sekkar og lodd, og kor de kan levere avfallet etterpå. Her står det korleis de gjer det:

<http://www.sum.sf.no/strandrydding/>

Alle kommunane har fått førespurnad om å bidra til premiar. Flora er ein av tre som allereie har ytt ein skjerv. Vi vonar resten følgjer deira døme etter litt purring, slik at premiepotten vert kjempestor og fleire kan vinne.

I tillegg er vi i gang med å samle inn opplevingspremiar både i og utanfor fylket – døme på premiar vi har fått er hyttehelg med fiske, padlekurs, festivalbillettar og eventyrtdag i Kvernsteinsparken i Hyllestad..

Vi skal ha trekkingar med jamne mellomrom gjennom heile året, både i kvart miljøverkområde og samla for fylket. Til slutt går alle lodda til den nasjonale trekkinga før jul, med mange store premiar.

Vennleg helsing Marit Bendz

Fylkessekretær i Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Tlf. 91 14 14 57, epost: sognogfjordane@naturvernforbundet.no

Kontaktinfo:

Flora: Kaja Standal Moen, tlf. 971 42 112, epost: kaja.standal.moen@flora.kommune.no

Kystlotteriet: Sten Helberg, tlf. 954 41 730, epost: planet1min@gmail.com

Sjå www.kystlotteriet.no og <https://holdnorgarent.no/ryddeportalen/>



Kystlotteriet

Namn	_____
Adressa	_____
Besøksdato	_____
Besøksstede	_____
Dato	_____
Kommune	_____
Telefon	_____
E-post	_____
☐ Ønsker å bli medlem	

Plasert i kartet for å vere med i trekkinga. Du kan sjå kartet på www.kystlotteriet.no. Plaseringssteden er ikkje garantert. Du kan sjå kartet på www.kystlotteriet.no. Du kan sjå kartet på www.kystlotteriet.no. Du kan sjå kartet på www.kystlotteriet.no.

Kystlotteriet ☐ bli medlem: Dato DMS kodend NATUR 11 2017



Kystlotteriet